

# Kyrkje- bladet

Nr. 2/23  
INFORMASJON  
For Fjell, Foldnes og Landro sokn



- SIDE 5 -

NO STARTAR ARBEIDET  
PÅ FJELL KYRKJE

- SIDE 7 -

KYRKJEVALET 2023

- SIDE 9 -

"BARNEHAGEN" BLIR TIL  
"KYRKJEKJELLAR"

# Kyrkjebladet

LEIAR

Kyrkjebladet for Fjell, Foldnes og Landro sokn. Det kjem ut 4 gonger i året og kostar kr 300,- pr. år. For utanbygds: kr 350,-.

**Utgjevar:** Øygarden kyrkjelege fellesråd

**Ansvarleg redaktør:** Annlaug Børve

**Redaktør og grafisk utforming:**

Yngvild Mørner Sørheim

**Framsidebilete:** Frå synfaringa med riksantikvaren i oktober 2022.

**Foto:** Jens Meyer

**Trykk:** RKGrafisk AS



**Bankgiro**

**Kyrkjebladet:** 1503.84.37590

**Vipps**

**Kyrkjeblada i Øygarden:** 736342



**Innleveringsfrist** for annonsar, artiklar og kunngjeringar til neste nummer:  
**10. august**

 **DEN NORSKE KYRKJA**  
Øygarden kyrkjelege fellesråd

## Kontaktinformasjon

**Adresse:** Øygarden kyrkjekontor,  
Tyttebærbrekko 2, 5353 Straume

Vi har kontor i andre etasje i Temahuset.

**Telefon:** 400 03 316

**Ekspedisjonstid alle kvardagar:** 09.30–14.30

**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no

**Nettsider:** [www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden)  
[www.kyrkja.no/t-dagen](http://www.kyrkja.no/t-dagen)

**Bankkonto Øygarden kyrkjelege fellesråd:**  
1506.35.46523

**Annlaug Børve**

Kyrkjeverje



## Kjære lesar!


Du held no det aller siste nummeret av Kyrkjebladet for Fjell, Foldnes og Landro i hendene. Gjennom 84 år har målet med dette bladet vore å informere og å skape engasjement og tilhørsle til kyrkjelydane, og vi håper at vi har lukkast med dette.

Etter samanslåinga til ein felles kommune, har vi likevel erkjent at tida er kome for å lage eit nytt felles kyrkjeblad som er relevant for lesarar i heile Øygarden. Det nye bladet skal halde fram med å presentere stoff frå alle kyrkjelydane, og det vil framleis vere eit mål å skape engasjement og tilhørsle lokalt. Det nye bladet vil difor verte fyldigare enn dagens kyrkjeblad, og redaksjonen vil verte sett saman av ein person frå kvart av sokna.

Samtidig håpar vi at det nye bladet vil skape fellesskapskjensle på tvers av soknegrensene. Vi trur mange vil verte overraska over kor mykje som skjer i kyrkja i Øygarden, og håpar fleire vil finne vegen til konserter og andre arrangement som skjer i eit anna sokn enn det ein høyrer til.

Namnet på det nye bladet er enno ikkje bestemt, og vi håpar du vil delta i namnekonkurransen! Les meir om dette på s. 13.

Med dette takkar vi for følgjet i dette bladet, og ønskjer deg velkommen som lesar av eit nytt felles magasin for heile Øygarden til hausten!



## Kulturkveld i Fjell kyrkje

Du er velkomen torsdag  
1. juni kl. 19!

På programmet står foredrag om historia til Fjell kyrkje ved tidlegare prost Erling Kopperud. Det vert enkel servering.  
Gratis inngang, alle velkomne.

Tilskipar: Fjell kulturminnelag

# Innhald

KONFIRMANT 2024 .....	4
NO STARTAR ARBEIDET PÅ FJELL KYRKJE .....	5
"KYRKJEBLADET" OPP GJENNOM TIDENE .....	6
KYRKJEGALET 2023.....	7
VÅRSTEMNING I LANDRO.....	8
"BARNEHAGEN" BLIR TIL "KYRKJEKJELLAR" .....	9
GLIMT FRÅ T-DAGEN .....	10-11
NAMNEKONKURRANSE .....	13
GUDSTENESTEOVERSIKT OG LIVETS GANG .....	14-15

## 1. pinsedag

Eg vil be Far min, og han skal gje dykk ein annan talsmann, og han skal vera hos dykk alltid: Sanningsanden, som verda ikkje kan ta imot. For verda ser han ikkje og kjenner han ikkje. Men de kjenner han, for han bur hos dykk og skal vera i dykk.

Joh 14, 16-17

Pinse er Anden si høgtid. Men kven er denne Heilage Anden? Kor møter vi Anden?

Det er liksom enklare med Gud Fader, som skapte himmel og jord, eller Jesus, som var som ein av oss. Den heilage ande er meir diffus og ikkje så enkel å få tak på.

Når skipbrotna blir tatt hand om, får dei fyrist av alt eit teppe, fordi noko av det viktigaste for eit menneske er å vere varm. Varme bygger opp håpet

og trua på at det kjem til å gå bra. Eit varmeteppe er ein trøyst i krisa.

Den heilage ande kan liknast med eit sånt teppe. Han gjev oss varme. Når vi blir innhylla i han, varmast vårtil og blir til varm tru. Når vi lar oss fylle av Den heilage ande, får den motlause trøyst og nytt håp.

Kanskje det viktigaste varmeteppet Anden legg om skuldra på oss, er dette: Frelst av nåde, ikkje ved fortene. Frelst ved trua på Jesus, ikkje ved trua på vår eiga tru! Jesus seier: Eg døydde for di skuld. Eg bar dine synder, så du skal sleppe å bere dei sjølv. Han spør ikkje om kor snartu er til å vende deg til han, eller kor sterkt og inderleg tru du har. Berre du vender deg til han.

Eller tenk på ein kikkert, ein svært usjølvisk gjenstand. Den skal brukast framfor auga våre, men for å bringe

noko anna i fokus. Sånn er det med Anden og: Den heilage ande vil gjerne få spele ei viktig rolle i våre liv, men berre for at Jesus skal få spele ei enda viktigare rolle.

I pinsen feirar vi Den heilage ande. Dette er Anden si høgtid. Ved Anden kom dei truande til å bli så mange at dei kunne bli kalla ei kyrkje. For når Anden kom, var det med vitnesbyrdet om Jesus. Slik er det framleis. Den heilage ande blir gitt oss slik at vi kan sjå Jesus og forstå at han er for oss.

Vi møter Anden overalt der Jesus blir forkrynt, der Jesus er, der synder blir tilgjevne, der lovsong til den sanne Gud lyder. Vi møter han i oss sjølv når Anden si frukt skapar kjærleik, glede, fred, tålmod i oss. Vi møter Anden i dei andre som ber Jesus med seg. Trur du på Jesus? Då har du møtt Den heilage ande!

Per Hjemdal

Sokneprest i Fjell





# Konfirmant 2024

Infomøte om konfirmantåret  
tysdag 13. juni kl. 19 i Fjell, Foldnes og Landro kyrkje.



## Fjell kyrkje

27. april:  
Kolltveit og Knappskog krins  
28. april:  
Skålevik, Tellnes og Ulveset krins

## Foldnes kyrkje

4. mai:  
Brattholmen og Bjørøy krins  
5. mai:  
Foldnes og Hjelteryggen krins

## Landro kyrkje

11. mai:  
Landro og Misje krins  
12. mai:  
Ågotnes og Spjeld krins

Påmelding innan 1. august  
[www.kyrkja.no/fjell/konfirmant](http://www.kyrkja.no/fjell/konfirmant)



Frå synfaringa med riksantikvaren i oktober 2022. Foto: Jens Meyer

# No startar arbeidet på Fjell kyrkje

Frå 1. juni vert Fjell kyrkje lagt i Akasia AS sine kyndige hender for ei omfattande rehabilitering. Arbeidet skal etter planen vere ferdigstilt i november 2024.

Akasia AS, som vann anbods-konkuransen om arbeidet i Fjell kyrkje, er eigd av alle sokna i Bergen. Firmaet er godt kjent med å arbeide på kyrkjebygg, også samtidig som kyrkja er i bruk av kyrkjelyden.

Dette er godt nytt for alle som har Fjell kyrkje som «si» kyrkje, og som ønskjer å komme til kyrkja i både glede og sorg. Kyrkja vil ikkje verte heilt stengt i rehabiliteringsperioden, men alle må vere førebudde på store avgrensingar i bruken av kyrkja medan arbeidet pågår.

I juni og dei tre første vekene i juli skal det byggast stillas rundt kyrkja.

I denne perioden vil kyrkjeskipet vere opent for avgrensa bruk. Det vil seie at det kan vere mogeleg å ha gudstenester, bryllaup og gravferder der. Ein må då vere merksam på at uteområdet rundt kyrkja er ein byggeplass, og vil bere preg av dette.

I same tidsrom (juni-juli) skal det setjast inn ei dør frå kyrkjelydssalen ut mot sør, og det skal byggast ei rampe på utsida. Kyrkjelydssalen vil då vere stengd for bruk.

Siste veka i juli vert orgelet og anna interiør i kyrkjeskipet dekt til, og arbeidet på og i kyrkja startar. Frå dette tidspunktet vert kyrkjerommet

heilt stengt. Samtidig opnar kyrkje-lydssalen, og vil tene som samlingsstad for kyrkjelyden på ettermiddag, kveld og i helger fram til kyrkjeskipet opnar igjen.

Dette tyder at Fjell kyrkje vil verte stengt for gravferder frå 24. juli. Pårørande vil så langt det er mogeleg få høve til å velje kva for ei av dei andre kyrkjene i Øygarden dei ønskjer å bruke.

Vi vil oppdatere detaljar om arbeidet etter kvart som dei kjem på nettsida vår kyrkja.no/oygarden.

*Annlaug Børve, kyrkjeverje*



# "Kyrkjebladet" opp gjennom tidene

Entusiasme, målretta arbeid og mange leesararar har gjort at bladet har levd godt i over 80 år.

**TEKST: YNGVILD MØRNER SØRHEIM**

Historia til Kyrkjebladet starta i 1939. Det var sokneprest Ingolf Boge som var redaktør for det første nummeret. "Vi vil gjerne koma som ei liti helsing om mogeleg til alle hus og heimar i Fjell prestegjeld" var helsinga bak på bladet. Og det har det gjort i 84 år.

Gjennom åra har både namn, utsjånad, antal nummer i året og storleik endra seg. Det starta opp som "Kyrkjeblad for Fjell" i svart/kvitt og i A5-format. Seinare kom nokre sider i fargar og formatet vart gjort om til A4 i 1987. "Vi fekk hug til å prøve noko nytt" skreiv dei i det første nummeret det året. Og

sidan har det stadig vore utvikling av bladet. Heile tida har ein fokusert på at innhaldet skulle ha kvalitet, vere lettles og bruke gode bilete.

I bladet har det vore rom for mykje forskjellig, og det har vore ein viktig informasjonskanal. Her har ein fått med aktuell informasjon frå Den Norske kyrkja, om det kristelege arbeid i kyrkjene og offentleg informasjon frå kommunen.

På 80-talet kunne ein lese om om skule og undervisning i kyrkjebladet. Hausten 1982 var det mellom anna informasjon om innskriving av elevar til 1. klasse hausten 1983. Her kunne

ein også lese om nyttilsetting av lærarar på dei ulike skulane.

Det har ofte vore fokus på ungdom og barn. I eit svart/kvitt blad med rein tekst og lite foto vart det gjerne spandert ei midtside med foto frå barne- eller ungdomsaktivitetar.

Kyrkjebladet som først var for Fjell sokn, omfatta også etter kvart Landro sokn og sidan Foldnes sokn. No er tida inne for at det skal utviklast endå meir. Vi gler oss til å komme tilbake med eit nytt og spanande blad for alle i heile Øygarden kommune til hausten.

# Kyrkjevalet 2023

Det er kyrkjeval 11. september 2023. Medlemmer i Den norske kyrkja kan stemme ved kyrkjevalet frå det året dei fyller 15 år. Når du brukar stemma di, er du med på å forme kyrkja for framtida.

## Slik stemmer du fysisk og digitalt

I kyrkjevalet kan du førehandsstemme digitalt eller fysisk, eller du kan stemme fysisk på valdagen/valdagane.

Du kan førehandsstemme digitalt frå 10. august ved å gå inn på [kyrkjevalet.no](http://kyrkjevalet.no)

Du kan møte opp fysisk for å førehandsstemme i Øygarden på kyrkjekontoret på Straume (Temahuset - Tytebærrekko 2, 5353 Straume) torsdagane 10., 17. og 24. august og 7. september kl. 09.30-14.30. Torsdag 31. august kan du førehandsstemme kl. 09.30-20.00.

Det blir òg sett opp førehandstemming på gudstenester i kyrkjene og ambulerande røysting tysdag til fredag siste veka før valet. Meir info om dette kjem på [kyrkja.no/oygarden/kyrkjevalet](http://kyrkja.no/oygarden/kyrkjevalet)

Det vert gitt ein nærmere presentasjon av kandidatane til soknerådsvalet i første nummer av det nye kyrkjebladet.

Informasjon om val til bispedømmerådet kjem også i neste nummer, som kjem ut rett før kyrkjevalet.



## Digital førehandsstemming

Du kan førehandsstemme når og kvar du vil på nett frå 10. august til og med 6. september 2023. Skann QR-koden eller besøk [kyrkjevalet.no](http://kyrkjevalet.no). Hugs at det er hemmeleg val!

## Nominasjonskomiteane sine listeforslag til kyrkjevalet i 2023

Kandidatane i prioritert rekkefølge:

### Fjell sokn

1. Svein Jarle Yndestad Eide, f. 1973
2. Eigil Nødtvedt, f. 1949
3. Magny Bjørsvik, f. 1960
4. Paul Marhaug, f. 1968
5. Arvid Nese, f. 1961
6. Gerd Fjeld Andersen, f. 1952
7. Søgnie Lillevik Nilsen, f. 1973
8. Harald Pedersen Fylling, f. 1954
9. Hans Kristian Hornnes, f. 1967
10. Sigrunn Bergsvik, f. 1949
11. Geir Roald Viken, f. 1968
12. Gyri Ann Lie, f. 1957

### Landro sokn

1. Dag-Olav Bjørøy, f. 1957
2. Tove Karin Angetveit, f. 1968,
3. Kjersti Berland Hassel, f. 1970
4. Laila L. Lossius, f. 1964
5. Elias Solsvik, f. 1953
6. Anne Kristine T. Christiansen, f. 1954
7. Kirsten Kjølen, f. 1948
8. Hilde Heggholmen, f. 1967
9. Mona Alvøen Thomsen, f. 1963
10. Sven Bech-Sørensen, f. 1974
11. Ingvild Langeland Tellnes, f. 1981

### Foldnes sokn

1. Per Helge Refvik, f. 1972
2. Astrid Myskja, f. 1968
3. Olav Ingard Fjeldstad, f. 1964
4. Renate Olsen Seim, f. 1977
5. Hein Anders Kvalheim, f. 1966
6. Bente Kongsbakk Madsen, f. 1954
7. Ole Hamre, f. 1966
8. Bjarne Skarestad, f. 1965
9. Ingelin Våge, f. 1985
10. Trond Høvik, f. 1962
11. Torill Selvold Nyborg, f. 1951
12. Gunnar Innerdal, f. 1983
13. Jan Terje Sønstabø, f. 1967

# Vårstemning i Landro kyrkje

Denne våren har det vore mange forskjellige aktivitetar i Landro.

TEKST OG FOTO: TOVE KARIN ANGELTVEIT



## Generasjonskveld med fuglekasseverkstad

Ein god gjeng fekk henta fram kreativiteten sin denne kvelden. No skulle det lagast hus til flygande skapningar. To venninner hadde sagd klar plankebitane, og stod og snudde og vende på dei for å finne ut korleis dette skulle gjerast. Da seier ei av dei: «det er best vi samarbeider!». Det var ho andre eining i, og slik gjekk det. Det var samarbeid på ulike stasjonar kor trygge vaksne sto klar til å rettleie og hjelpe om nokon trengte. Heile kvelden ble det målt, bora, sagd, skrudd og snikra -og resultatet ble flotte fuglehus.

## Basar

Laurdag 11. mars ble det skipa til basar i Landro kyrkje. Mange flotte gevinstar skulle få nye eigalar, og det blei mange glade folk utover ettermiddagen. Loddbøkene blei fullteikna, og dei nye heimelaga årene ble utsett i ein fei. Landro barnekor deltok med flott og engasjerande song, og Bjarte heldt andakt. God mat, kaffi og hyggeleg drøs rundt borda var det. Inntektene frå basaren går til barne- og ungdomsarbeidet i soknet, og i skrivande stund ser det ut til at resultatet blir mellom 50 og 60 tusen kroner.

## Generasjonskveld med påskeverkstad

Dei som kom på påskeverkstaden fekk prøve seg på både lyslykter med decoupage med serviettar, påskepynt til å henge opp og støyping av telys. Det var stor aktivitet av store og små.

## Spikkekveld på ute-torsdag

Husfliden hadde spikkekurs for oss i Kyrkjhagen. Vi fekk lære ulike teknikkar og gode tips og triks. Så var det sjølvsagt pølser og suppe på bålet, samt marshmallows og pinnebrød.

Kyrkjhagen er i bruk av både ute-torsdag og Open Barnehage. No gler vi oss til å ta i bruk denne flotte hageplassen enno meir utover våren.



# «Barnehagen» blir til «kyrkjekjellar»

I tjue år har kjellaren i Foldnes kyrkje berre gått under namnet «barnehagen». Snart opnar nymalte ognymøblerte lokaler opp for endå fleire enn barn under skulealder!

TEKST OG FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM

Kjellaren har mange rom og det er fleire som drøymer om kva lokala kan bli brukt til.

– Det gjev mange nye mogelegheiter, fortel sokneprest Maria Tveten. Fleire arrangement kan skje på same tid når både kyrkjerommet, kyrkjelydssalen, Vestfløyen og kyrkjekjellaren kan brukast på same tid.

Gjennom veka er det mykje folk i kyrkja på ulike arrangement og det har nokre gongar vore vanskeleg å finne ledig rom, kan soknepresten fortelja.

– Vi håpar at lokala vil koma nærmiljøet til gode. Her er gode rom for både barn, unge, vaksne og eldre. Det er mykje folk i området rundt

kyrkja, og vi trur til dømes at fleire vil sette pris på å kunne ta ein kopp kaffi eller ete ein rimeleg middag i ein open kafé i kyrkjekjellaren.

Det er noko vi drøymer om! seier

sokneprest Maria Tveten engasjert.

– Ikkje minst håpar vi å få tak i midlar til å kunne lage gode rom til barn og unge. Til dømes er både eige bandrom og eit rom til e-sport på ønskjelista.

Diakoniutvalet i kyrkja har og arbeidd mykje med mogelegheitene kyrkjekjellaren gjev. Kyrkjelyden sin visjon er å vere «Di kyrkje for alle dagar» og diakoniutvalet ønskjer å lage fleire møtepunkt for at kyrkja skal vere ein plass for stadig fleire folk.

– Kyrkjekjellaren vil vere ein meir uformell møteplass enn det kyrkjerommet er og skal vere. I Foldnes kyrkje er det mange som har god erfaring frå og med Sjømannskyrkja, og vi håpar til dømes å ha ope kafé laurdag eller søndag, med kaffi og vaflar i god Sjømannskyrkjestil. Då trengs det og frivillige til å vere kafévertar, så viss nokon som les dette kan tenkje seg ein frivillig teneste kor dei serverer kaffi og vaflar, så blir vi glad om dei tek kontakt, avsluttar Maria Tveten.

Til hausten vil lokala vere ferdig oppussa og klare til bruk, så då kan vi vente at den gode vaffellukta frå kyrkjekjellaren freistar turgåurar rundt Skiftesdalsvatnet og på turvegen.

# Glimt frå T8, T5, T2 og T13

## T8 Bøn

Andreklassingane og deira føresette fekk vere med på ei fin og variert bønevandring i kyrkja. Vi lagde «bønekingle», teikna, song ulike songar, blåste såpeboblar, tente lys og mykje meir.



## T5 Den gode gjetaren

Femåringane fekk møte historia på ulike måtar, mellom anna gjennom leik, fortelling og song, og det var god stemning heile kvelden.



## T2 påske

T2-dagen vart gjennomført som ei påskevandring for heile storfamilien. Saman med både foreldre, søsken og besteforeldre traska toåringeane langs Kyrkjevegen ved Foldnes kyrkje. Med alle sansar fekk vi oppleve påskeforteljinga saman. Siste post var «Påskedag», og den var plassert i kyrkjekjellaren. Der var det òg utdeling av påskekalender, påskebok og litt forfriskningar.

# Velkommen på T-dagar i haust!

## T6



### Skulestart

Tysdag 22. aug. kl. 16.30-18.30  
i Foldnes kyrkje.  
Onsdag 23. aug. kl. 17-19  
i Fjell kyrkje.  
Torsdag 24. aug. kl. 16.30-18.30  
i Landro kyrkje.

## T7



### Sprell levande

Laurdag 2. september i Landro  
kyrkje kl. 14-17. Vandring med  
ulike stasjonar i kyrkja.

## T11



### På sporet

Fredag 29. september i Landro  
kyrkje. Det blir mat, forsoning  
og aktivitetar!

Påmelding og meir info på  
[www.kyrkja.no/t-dagen](http://www.kyrkja.no/t-dagen)



## T13 Fellesskap

I løpet av nokre magiske timer fekk  
trettenåringane ein smakebit av kva som finst av  
tilbod til dei som går i åttandeklasse og oppover.  
Både KRIK, Ungdomslørdag, TenSing og nokre  
flotte ungdomar frå Tweens var hjarteleg til stades.  
Ungdomane fekk god tid til leik og spel, både ute og  
inne. Vi fekk kjempegod koreansk mat, og kvelden vart  
avslutta med ei vakker forsoningssamling med både  
nattverd og bønevandring.




**Ditt begravelsesbyrå på Sotra.**

**Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.**

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet  
Grønnavøyvegen 22, 5353 Straume (Bjørøygården)



- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv






Knut Helge Polden  
Espen Polden  
Heine Polden  
Cathrine Polden Misje

**Døgn telefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700**  
[www.bergenogomegn.no](http://www.bergenogomegn.no)

**AVD. BERGEN**  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2. etg på Shellstasjonen  
Sæter, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50





**SOLSTRANDS BEGRAVELSESBYRÅ**

Vårt avdelingskontor på Sotra  
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

**Telefon 55 55 16 16 - hele døgnet**  
[www.solstrands.no](http://www.solstrands.no)

Vår erfaring - din trygghet

**VIRKE**
**GRAVFERD**



**Døgnvakt 55 20 23 00**  
[www.bjorgvin-b.no](http://www.bjorgvin-b.no)

Seremoni etter pårørendes ønsker, med omtanke og verdighet.



**Leirstedet til IMF Midthordland**



- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling -  
Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til  
små og store anledninger -  
Bursdagsarrangement


**Tlf. 56 31 04 40**

**Fjell-ly leirsted**  
Møvikvn.193, 5357 FJELL. [www.fjell-ly.no](http://www.fjell-ly.no)

**Din lokale elektriker!**



Møllestykket 21  
5360 Kolltveit  
**Tlf. 400 30 210**  
[vestgarelektra.no](http://vestgarelektra.no)  
[vestgar@thunestvedt.no](mailto:vestgar@thunestvedt.no)



5357 FJELL  
Tlf. 56 33 09 60 – Mob. 905 70 203  
Fax. 56 32 08 75



**TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?**

Nokre som ringer tenker på å ta sitt eige liv,  
andre er usikre, einsame eller redde.  
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)









**En ferie å glede seg til**



Trygge ferieopplevelser til familier som har det vanskelig



Gi din gave på **vipps 13130**

# Faste aktivitetar i kyrkjene

Du er hjarteleg velkommen til samlingar og aktivitetar!

## Foldnes kyrkje

<b>Gudsteneste:</b>	Dei fleste søndagar kl. 11.00. Siste søndag kvar månad, kveldsgudsteneste kl. 19.00.
<b>Søndagsskule:</b>	Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Maria Wergeland, tlf. 924 08 805
<b>RAMP:</b>	Annankvar tysdag kl. 19.30. Inspirerande temakveldar med husband og kaffi. Kontakt: Janne Mo, tlf. 478 23 425
<b>Gospelkoret Lokal Vokal:</b>	Kvar onsdag kl. 19.30–21.30. Frå 18+, ingen øvre aldersgrense Kontakt: Renate Olsen Seim, tlf. 994 63 819
<b>Treff i Foldnes:</b>	I kyrkjelydssalen første onsdag kvar månad kl. 11.30–14.00. Varm mat, undervisning og fellesskap. Kontakt: Ellen Ebbesvik, tlf. 924 42 881
<b>Livets lys:</b>	Andakt, allsong, mat og underholdning for utviklingshemma. Ca. ein fredag i månaden. Kontakt: Torbjørn Fjören, tlf. 922 95 377 eller Eivind Kausland Lie, 408 85 692
<b>Lillelørdag:</b>	For 5.–7. klasse, ein onsdag i månaden. Kontakt: Maria Tveten, tlf. 450 63 016
<b>Lukas TenSing:</b>	Måndagar frå kl. 18.30. For deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Beate Sørhus, tlf. 920 89 740
<b>Ungdomslørdag:</b>	Annankvar laurdag frå kl. 19.00–22.30. For deg som går i 8. klasse og oppover.
<b>Mannsgruppa:</b>	Ein torsdag i månaden. Temakveldar, turar og godt lag. Kontakt Geir Roald Viken, tlf. 922 63 531
<b>Basargruppa:</b>	Ein torsdag i månaden. Eit enkelt måltid og handarbeid. Kontakt: Toril Herdlevær Kvalheim, tlf. 907 29 222
<b>Pårørendegruppe:</b>	For pårørande til rusavhengige. Annankvar torsdag kl. 19–21. Kontakt: Renate Olsen Seim, tlf. 994 63 819

## Fjell kyrkje

<b>Gudsteneste:</b>	Dei fleste søndagar kl. 11.00.
<b>Søndagsskule:</b>	Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Torun Svennevik, tlf. 976 71 161
<b>Open kyrkje:</b>	Kvar onsdag kl 09.00-12.30
<b>Temakveld:</b>	Kvar onsdag kl. 19.30. Sjå kyrkja.no/fjell Kontakt: Anne Ludvigsen Kaldestad, tlf. 971 42 176
<b>Kveldsbøn:</b>	Ca. ein onsdag i månaden kl. 20.00. Tekstlesing, musikk og bøn. Kontakt: Anne Ludvigsen Kaldestad, tlf. 971 42 176
<b>Tweensklubben:</b>	Annankvar fredag kl. 19.00–21.00. For deg som går i 5. klasse og oppover. Kontakt: Søgnee Lillevik Nilsen, tlf. 975 46 646
<b>Sotra Reviderte:</b>	For alle som vil syngje i a cappellakor, måndagar kl. 19.00–21.30. Kontakt: Ingrid Hauge Johansen, tlf. 922 32 815
<b>Øygarden kyrkjebrass:</b>	Om du spelar brassinstrument. Annankvar torsdag (oddetalsveker) kl. 19.45–21.30. Kontakt: Rune Lynglund, tlf. 408 73 642
<b>Fjell barnekor:</b>	Barnekoret øver annankvar tysdag (oddetalsveker) kl. 17.30–18.30. Kontakt: Eivind K. Lie, tlf. 408 85 692
<b>Fjell Vocalis:</b>	Kvar tysdag kl. 19-21.30. Kontakt: Małgorzata Anna Tveit, tlf. 951 84 429

## Landro kyrkje

<b>Gudsteneste:</b>	Dei fleste søndagar kl. 11.00.
<b>Søndagsskule:</b>	Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 915 32 437
<b>Kurskveldar:</b>	Onsdagar i kyrkjelydssalen kl. 19.30. Ein gong i månaden.
<b>Ute-torsdag:</b>	Kl. 18-19.30 ca. to torsdagar i månaden. Ein uformell møteplass ute for alle aldrar. Kontakt: Maria Wergeland, tlf. 924 08 805
<b>Bønefellesskap:</b>	Kvar tysdag kl. 20.00. (på kvar vår stad). Meld bøneemne til: Jan Frank Christiansen, leirkar@gmail.com
<b>Bibelgruppe:</b>	Kontakt: Jan Frank Christiansen, leirkar@gmail.com
<b>Landro Barnekor:</b>	1.–4. klasse, kl. 17.30–18.25 kvar tysdag.
<b>Landro Teenskor:</b>	13-18 år, kl. 18.35–19.30 kvar tysdag. Kontakt: Eline Olsen tlf. 906 05 332
<b>Treff i Landro:</b>	I kyrkjelydssalen siste onsdag i månaden kl. 11.30–14.00. Felleskap med god mat, undervisning og song. Kontakt: Torunn Utvær, tlf. 922 34 648

## Kontaktinfo

### SOKNERÅDSLEIARANE

#### Fjell sokneråd:

Jorunn Småbrekke Gjersvik, jorunn.gjersvik@gmail.com

#### Foldnes sokneråd:

Per Helge Refvik, perhelgerefvik@msn.com

#### Landro sokneråd:

Tove Karin Lyngsmo Angeltveit, tove.karin@outlook.com

### KYRKJEVERJE

Annlaug Børve

473 04 530, ab766@kyrkja.no

### SJELESORG OG SAMTALE

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortald oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med ein av oss:

Sokneprest Bjarte Nese 915 32 437

Sokneprest Maria Tveten 450 63 016

Sokneprest Per Hjemdal 411 26 549

Prostiprest Knut Kaldestad 977 24 017

Diakon Astrid Fylling 971 75 733

Diakon Torunn N. Utvær 922 34 648



## Namnekonkurranse

Du kan vere med å bestemme kva det nye felles kyrkjebladet for Øygarden skal heite!

- Namnet skal bestå av eitt ord
- Bør vere lett å skrive, lese og uttale

Send forslag på nytt namn saman med ei lita forklaring på mail til ys487@kyrkja.no med "Namneforslag" i emnefeltet. Frist: 10. august.  
Signer med fullt namn.

Den nye redaksjonen vil avgjere vinnarnamn. Vinnaren får to billettar til ein av julekonsertane i kyrkjene i Øygarden 2023!



## VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE!

– I KYRKJENE FJELL, FOLDNES OG LANDRO –

### SØNDAG 4. JUNI

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp, nattverd, offer til Den indre Sjømannsmisjon.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp, nattverd, offer til misjonsprosjekt med NMS i Thailand.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Maria Tveten, dåp og nattverd, offer til eige arbeid.

### SØNDAG 11. JUNI

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp, nattverd, søndagsskule, offer til eige arbeid.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste og sommarfest. Dåp, nattverd, offer til eige arbeid.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, nattverd, offer til Åpne dører.

### SØNDAG 18. JUNI

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd. Offer til Bildøy Bibelskole.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Bjarte Nese, dåp, nattverd. Offer til Sjømannskirken.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Sommerfestgudsteneste ved Knut Kaldestad, nattverd. Offer til FUNK.

### SØNDAG 25. JUNI

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Gudsteneste, nattverd, offer til Tro og Medier.

### SØNDAG 2. JULI

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd.

### SØNDAG 9. JULI

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Knut Kaldestad, dåp.

### SØNDAG 16. JULI

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Jan Tommy Fosse, dåp og nattverd, offer til Kirkens Nødhjelp.

### SØNDAG 23. JULI

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Bjarte Nese, dåp og nattverd.

### SØNDAG 30. JULI

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Maria Tveten, dåp og nattverd.

### SØNDAG 6. AUGUST

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Maria Tveten. Dåp og nattverd, offer til Kirkens SOS.

### SØNDAG 13. AUGUST

**Fjell kyrkje - kyrkjelydssal kl. 11:** Gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd.

### SØNDAG 20. AUGUST

**Fjell kyrkje - kyrkjelydssal kl. 11:** Oppstartsgudsteneste ved Per Hjemdal, dåp.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Bjarte Nese, dåp og nattverd.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Oppstarts-gudsteneste med nattverd, offer til NMS Thailand/DNI - Jesu døtre.

### SØNDAG 27. AUGUST

**Langøy kl. 11:** Friluftsgudsteneste ved Maria Tveten.

**Foldnes kyrkje kl. 19:** Kveldsgudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, nattverd, offer til Ungdom i oppdrag.

### SØNDAG 3. SEPTEMBER

**Fjell kyrkje - kyrkjelydssal kl. 11:** Gudsteneste ved Knut Kaldestad, dåp og nattverd.

**Landro kyrkje kl. 11:** Familieguds-tene og T4-dag ved Bjarte Nese.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Familie-gudsteneste og T4-dag ved Maria Tveten, dåp og nattverd, offer til Norsk Søndagsskoleforbund.



Vi tek atterhald om at det kan komme endringar i gudstenestene, følg med på nettsidene:

[WWW.KYRKJA.NO/OYGARDEN](http://WWW.KYRKJA.NO/OYGARDEN)



## LIVETS GANG

### DØYPTE

#### Fjell kyrkje

04.02.2023

Colin Nesbø Oksnes  
Didrik Solsvik Sekkingstad  
Falk Nilsson Henneli Nordås  
Noelia Aase Brommeland

12.02.2023

Athena Noelle Hetland Lehmann  
Tobias Leander Solsvik Rognsø  
Leandra Solberg Alfstad  
Asya Gunes Halvorsen

19.02.2023

Isak Alden Årvik

12.03.2023

Isabella Andreassen Haaberg  
Leander Lauvik-Iversen  
Konstantin Norevik Gjertsen

Ine Solsvik

02.04.2023

Neah Othilie Diamada-Sundal  
Atle Fonnes Spjeld  
Alma Algrøy

09.04.2023

Lillyann Lundgaard Nesse  
Isak Olavi Hugøy  
Falk Helle Sævareid

23.04.2023

Maleah Christine Lokøy

07.05.2023

Maja Kviteberg Fondevik  
Olai Espeland Tellnes  
Sol Amalie Åkre Brakstad

#### Foldnes kyrkje

19.02.2023

Simon Sletten Hompland  
Elea Kvamme  
Vilje Landro Agai

12.03.2023

Leander Steen Bratland  
Louise Sanden Tangen

Magnus Alvsvåg Lervik

Sofia Madelén Foldnes

Philip Johan Almestad

26.03.2023

Theo Fonnes Rise

Georg Walter Ek

Even Eikefet Vedal

Sofina Kiana Hansen Lindhjem

15.04.2023

William Edwin Lyford Skouen

Agathe Braun-Kongsvik

Mileah Lunde Nøttveit

Christoffer Lerstad Myrseth

Helene Sture

Charlotte Thuraisingam Olsen

Emily Thorgersen

Joakim Mathisen Våge

Francisco Javier Ask Eikeland

23.04.2023

Amelia Kaalaas Fredriksen

Liv Strømsnes Andreassen

07.05.2023

Johannes Skibenes Utne

Bella Oline Aastvedt Øksnes

#### Landro kyrkje

26.02.2023

Matias Nilsen Klungtveit

12.03.2023

Noelle Fjellheim Bettum

16.04.2023

Ariel Alise Eide

30.04.2023

Luis Alexandre Torres Jalo

Lucas Johan Angeltveit

Anikka Kristin Angeltveit

Sarah Belle Johansen

#### VIGSEL

#### Foldnes kyrkje

01.04.2023

Solveig Økland og Martin Børnes

### DØDE

#### Fjell kyrkje

Arne Aase

f. 1949

Terje Kåre Hagenes

f. 1948

Asbjørg Eldfrid Bergfjord

f. 1939

Astrid Helene Hagenes

f. 1936

Roald Magne Spjeld

f. 1948

Irene Møyfrid Garmannslund

f. 1957

Leif Reidar Nilsen

f. 1933

Jostein Bjarte Ågotnes

f. 1967

Hallvard Devold Harholt

f. 1956

Bernt Nordvik

f. 1933

Nils Gunnar Rygg

f. 1939

Nancy Gjelsvik

f. 1917

Annlaug Marie Hol Larsen

f. 1960

Astrid Ingebjørg Landøy

f. 1939

#### Foldnes kyrkje

Jorunn Hellevik

f. 1943

Kirsten Marie Algerøy

f. 1924

Haldor Iversen

f. 1942

Gerd Opsahl Haukaas

f. 1943

Trond Nordgaard

f. 1964

Bjørn Thomas Thomassen

f. 1958

Sølvi Dønheim

f. 1944

Inigo Mikkel Rem

f. 1982

Kathleen Elsie Lyford Kallestad

f. 1931

Svein Atle Kaland

f. 1948

Evelyn Carmen Bolstad

f. 1956

Remi Andre Ullebø

f. 1988

Ole Halland

f. 1927

Magne Olav Kausland

f. 1945

Ottar Hjalmar Henriksen

f. 1931

Anne Johannessen

f. 1953

Edith Andreassen

f. 1943

Sigvard Kåre Gundegjerde

f. 1930

#### Landro kyrkje

Rigmor Andersen

f. 1930

Gerda Kristine Misje

f. 1927

Karstein Kongshavn

f. 1951

Jorunn Karin Vonli

f. 1978

Kirsten Johanne Fjereide

f. 1932

Vår Herre Jesus Kristus seier


"Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leve om han så døyr.

Og kvar den som trur på meg, skal i all æve ikkje døy."

Joh. 11. 25-26



Returadresse:  
Øygarden kyrkjekontor  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume



#### Vannrett:

- 1. Bibelsk skribent
- 5. Jentenavn
- 8. Elv
- 10. Møtehelg
- 11. Guttenavn
- 13. Gjengi
- 16. Kommune
- i Østerdalen
- 17. Tore Larsen

#### Loddrett:

- 1. Høytid
- 2. Jentenavn
- 3. Fugl
- 4. Unni Iversen
- 6. Hva skjedde med forhenget i tempelet da Jesus døde på korset?
- 7. Drivstoff
- 9. Ukjent
- 12. Frø
- 13. Plante
- 14. Ingvar Moe
- 15. Par

Bli med i trekninga  
av hamburger med  
drikke og dessert for  
4 personar på Burger  
King Sartor!



#### Send inn kryssord til:

Øygarden kyrkjekontor  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume  
Merk konvolutten: Kryssord  
Frist: 10. august

Vinner av Barnekryssord  
i nr. 1 – 2023:  
Natalie Ekerhovd Monsen  
frå Bergen



## Dáp

## Rom for ei ny byrjing

I dåpen får vi løftet om at Jesus er med oss alle dagar. Vi blir sameina med Kristus, og ein del av det store fellesskapet i kyrkja. Dáp skjer vanlegvis i ei søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

For informasjon og påmelding  
til dåp og dåpskurs gå inn på  
[kyrkja.no/oygarden/dap](http://kyrkja.no/oygarden/dap)

Namn.....

Adresse.....



DEN NORSKE KYRKJA  
Øygarden kyrkjelege fellesråd